

## SAK 58/12 PORTAL HALLINGDAL.NO

### **Saksopplysing**

Det har lenge vore eit ynskje å få ein felles nettportal for Hallingdal.

I samband med Hallingdal2020 vil ein regional portal vera eit viktig bidrag for kommunikasjon og informasjon. I tillegg vil hallingdal.no kunne bli ein samlande portal i forhold til mykje av det som er aktuelt i Hallingdal, i forhold til t.d. næringsliv, organisasjoner ung i Hallingdal og kommunalt innhald som har betydning for Hallingdal. Det er og sett i gang eit arbeid for å få på plass ein felles aktivitetskalender for Hallingdal (kva skjer), ei teneste som kan leggast til hallingdal.no.

Ein felles nettportal skal vera ein felles elektronisk møteplass for folk i Hallingdal. Den skal og vera Hallingdal sin nettstad i forhold til omverda. Nettstaden skal m.a. gje oversikt over den offentlege verksemda, næringsliv, arbeidsmøgleigheter, skuletilbod, kulturliv og reiseliv. Den vil også være ein hovudinngangsport for alle som vurderar å flytte til Hallingdal, etablere verksemder her, eller for utflytta hallinga som vil halde kontakt med Hallingdal.

Regionrådet for Hallingdal har tidlegare sikra seg domene hallingdal.no.

Mange regionar har portalar der rekruttering og tilflytting har vore eit viktig utgangspunkt. I tillegg syner det seg at slike portalar er med å synleggjer regionar på ein god måte, som t.d.:

- [www.valdres.no/index.php](http://www.valdres.no/index.php)
- [www.narvikregionen.no](http://www.narvikregionen.no)
- [www.fjellregionen.no](http://www.fjellregionen.no)

I forhold til å syne arrangement og aktivitetar har fleire regionar utvikla gode portalar som t.d.:

[www.valdres.no/no/kva-skjer.html](http://www.valdres.no/no/kva-skjer.html)  
[www.hamarregionen.no/index.php?c=99&kat=Hva+skjer%3F](http://www.hamarregionen.no/index.php?c=99&kat=Hva+skjer%3F)

### **Vurdering**

Det er på høg tid at Hallingdal får på plass ein felles nettportal tilsvarende t.d. Valdres. I samband med Hallingdal 2020 vil og ein slik nettstad vera eit heilt nødvendig hjelpemiddel. I samband med felles grunnlag for nettsidene til kommunane i Hallingdal og regionrådet, ligg det og ein opsjon for felles portal. Dette gjer og at informasjon/nyheter frå kommunar og regionrådet enkelt kan leggast ut på felles portal.

Det er sett i gang eit arbeid for å utvikle ein felles aktivitets/arrangements-kalender for Hallingdal. Dette er etterspurt av mange, seinast frå Hallingdal Ungdomsråd og felles kulturkoordinator for Hallingdal. For Hallingdal der innbyggjarar i stor grad nyttar tilbod på tvers av kommunegrenser, som stor hytteregion og turistregion, er det nesten forunderleg at ein felles aktivitets/arrangements-kalender ikkje er på plass.

For at ein nettportal for Hallingdal skal ha livets rett må den vera levande. Viktige bidragsytarar vil m.a. vera:

- Hallingdal2020
- Felles aktivitetskalender for Hallingdal
- Kommunane i Hallingdal
- Næringslivet i Hallingdal, ved m.a. HallingExpo og Hallingdal Reiseliv

I fyrste fase blir det foreslått at hallingdal.no blir etablert som eit 3-årig prosjekt som det er naturleg at blir lagt til prosjektet Hallingdal2020.

## **Kostnadar**

### Investering

– Utvikling nettportal hallingdal.no	kr. 250.000
– Utvikling av felles aktivitets/arrangements-kalender	<u>kr. 300.000</u>
Sum	<u>kr. 550.000</u>

### Drift, pr. år

– Nettredaktør, 30% stilling	kr. 200.000
– Drift av nettstad	kr. 50.000
– Kommunar, næringsliv, eigeninnsats	<u>kr. 200.000</u>
Sum	<u>kr. 430.000</u>

## **Finansiering**

### Investering

– Eigeninnsats	kr. 250.000
– Buskerud fylkeskommune, partnarskapsavtale	<u>kr. 300.000</u>
Sum pr. år	<u>kr. 550.000</u>

### Drift, pr. år

– Eigeninnsats	kr. 200.000
– Regionrådet for Hallingdal	kr. 50.000
– Buskerud fylkeskommune, partnarskapsavtale	<u>kr. 200.000</u>
Sum pr. år	<u>kr. 450.000</u>

## **Forslag til vedtak**

1. Det blir etablert ein felles nettportal for Hallingdal, [www.hallingdal.no](http://www.hallingdal.no), i samband med prosjektet Hallingdal2020.
2. I fyrste omgang blir hallingdal.no etablert som eit 3-årig prosjekt, men med klar intensjon om permanent drift.
3. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 900.000 til etablering og drift av nettstaden hallingdal.no, i ein fyrste prosjekt/oppstartsperiode på 3 år.  
Tilskotet blir finansiert av partnarskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2012.
4. Regionrådet for Hallingdal løyver kr. 150.000 til drift av hallingdal.no for ein prosjekt/oppstartsperiode på 3 år. Midlane blir teke frå Strategisk plan for Hallingdal.
5. Kommunane i Hallingdal, Regionrådet for Hallingdal og kulturkoordinator for Hallingdal er føreset at vil vera dei største bidragsytarane med eigeninnsats til hallingdal.no, i ein oppstartsfasen.

Ål 18.11.2012

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar  
Regionrådet for Hallingdal